

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Jeanett Syversen (R) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«FRÅSEGN TIL REGJERING OG STORTING FRÅ HORDALAND FYLKESTING 5.MARS 2019.
JA TIL FORTSATT DEMOKRATISK KONTROLL OVER BERGENSBANEN OG VOSSEBANEN!

2019 blir eit avgjerande år for norsk jernbanepolitikk generelt og Bergensbanen og Vossebanen spesielt.

Stortinget skal ta stilling til EU sin jernbanebakke IV, som inneholder krav om liberalisering / konkurranseutsetjing av all persontrafikk på skinner. Om Stortinget ikkje reserverer seg mot dette EU-direktivet, vil anbod bli obligatorisk innan denne sektoren i Norge. I denne konkurransen, der store internasjonale selskap fritt kan delta, vil både løns- og arbeidsvilkår, pensjonsordningar for dei tilsette, gode rabattordningar for reisande og rutetider og –tilbod kome under press.

I fjor haust tildelte Jernbanedirektoratet drifta av Sørlandsbanen til det engelske selskapet Go-Ahead, som hadde det därlegaste tilboden på kvalitet.

No står Bergensbanen og Vossabanen i fare for å få forringa togtilboden. Jernbanedirektoratet har sendt ut ein tilbodsforespørsel for trafikkpakke 3 Vest, dvs. strekningane Oslo S-Bergen, Bergen-Voss-Myrdal og Bergen-Arna. Mellom dei som alt har vist interesse, er det kinesiske MTR, det franske Keolis og det engelske Go-Ahead. Om ikkje denne konkurransen blir avlyst, vil tildelinga av kontrakt på minimum 9 år skje i løpet av 2019, med oppstart i løpet av 2020.

Hordaland fylkesting er bekymra for denne utviklinga. Etter vårt syn må norske styresmakter sjøl avgjere om offentleg eigde jernbanestrekningar skal ut på anbod eller ikkje. Å låse ein bestemt jernbanepolitikk gjennom EUs jernbanepakke IV for all framtid, vil vere i strid med grunnleggjande demokratiske prinsipp.

Hordaland fylkesting ynskjer å forsvare og styrke Bergensbanen og Vossebanen. Her manglar det ikkje på konkurranse, men midlar til oppgradering og forbetring. Om vi verkeleg ynskjer eit grønt skifte, er vi avhengig av å få både privatbilisme og godstrafikk over på skinner. Ressursane i norsk jernbanepolitikk bør i fyrste rekke prioriterast til formål som sikra auka kapasitet og betre infrastruktur – ikkje internasjonale anbodskonkurransar.»

Det var 56 representantar tilstades.

Røysting

Syversen sitt forslag fekk 27 røyster (A, Sp, SV, R) og fall og vert ikkje sendt.